



Ulstein kommune

KOMMUNEDELPLAN

## IDRETT OG FYSISK AKTIVITET 2015-2018



*Godkjend i kommunestyret i sak 15/13 den 12.03.2015*

# INNHALD

<b>1</b>	<b><i>Innleiing og bakgrunn for planen</i></b>	<b>3</b>
<b>1.1</b>	<b>Planprosessen</b>	<b>4</b>
1.1.1	Statlege mål og føringar	4
1.1.2	Fylkeskommunale mål og føringar	5
1.1.3	Spelemidlar	5
	Kva kan det søkjast midlar til?	5
<b>1.2</b>	<b>Omgrep og definisjonar</b>	<b>6</b>
<b>2</b>	<b><i>Utviklingstrekk i kommunen</i></b>	<b>7</b>
<b>3</b>	<b><i>Resultatvurdering av førre plan</i></b>	<b>8</b>
<b>4</b>	<b><i>Samordning med kommuneplanen og andre kommunale planar</i></b>	<b>9</b>
<b>5</b>	<b><i>Verkemiddel og rammer for utbygging og drift</i></b>	<b>10</b>
<b>5.1</b>	<b>Utbygging av anlegg og område</b>	<b>10</b>
5.1.1	Organisatoriske	10
5.1.2	Sikring av areal	10
5.1.3	Målstyrt utbygging og tilrettelegging	10
5.1.4	Økonomiske	10
<b>5.2</b>	<b>Drift og vedlikehald av anlegg og område</b>	<b>11</b>
<b>6</b>	<b><i>No-situasjonen og framtidige behov</i></b>	<b>11</b>
<b>6.1</b>	<b>Dagens situasjon</b>	<b>11</b>
<b>6.2</b>	<b>Nærmiljøanlegg</b>	<b>12</b>
<b>6.3</b>	<b>Ordinære anlegg</b>	<b>12</b>
<b>6.4</b>	<b>Friluftsliv</b>	<b>13</b>
<b>6.5</b>	<b>Folkehelse</b>	<b>13</b>
<b>7</b>	<b><i>Målsetjingar, strategiar og satsingsområde</i></b>	<b>13</b>
<b>7.1</b>	<b>Overordna mål</b>	<b>13</b>
<b>7.2</b>	<b>Delmål</b>	<b>14</b>
<b>7.3</b>	<b>Strategiar</b>	<b>14</b>
<b>8</b>	<b><i>Prinsipp for utbygging av anlegg og område</i></b>	<b>15</b>
<b>9</b>	<b><i>Handlingsprogram</i></b>	<b>16</b>
<b>10</b>	<b><i>Vedlegg</i></b>	<b>19</b>
<b>10.1</b>	<b>Medlemstal i idrettslag knytt Ulstein Idrettsråd (pr. 31.12.13)</b>	<b>19</b>
<b>10.2</b>	<b>Bruk av kartklient/Kommunekart-app</b>	<b>19</b>

# 1 Innleiing og bakgrunn for planen

Kommunedelplanen for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv (KIF-planen) skal vere eit styringsverktøy for utvikling av anlegg og område for fysisk aktivitet. Dokumentet gir ei oversikt over status på anlegg og registrering av aktivitet. Planen konkretiserer Ulstein kommune sine mål og engasjement på dette området i komande planperiode. Kommunedelplanen tek i vare viktigeita av folkehelse med tanke på idrett, anlegg og friluftsliv.

Kulturdepartementet (KKD) stiller krav til at anlegg for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv, som det vert søkt spelemildar til, må vere innarbeida i ein kommunedelplan. Hovudrevisjon av planen skjer kvart fjerde år, og prioritert handlingsprogram for idrettsanlegg skal rullerast kvart år.

Planen omhandlar anlegg og område for fysisk aktivitet, som eit verkemiddel for å oppretthalde og auke den fysiske aktiviteten blant innbyggjarane. Denne planen har fått eit større fokus på friluftsliv enn tidlegare med bakgrunn av dei statlege føringane på området.

Både eigenorganisert aktivitet og organisert aktivitet, i regi av idrettslaga eller andre lag og organisasjonar, er viktige mål. Planen skal vere eit verkty for å styre utviklinga og utbygginga av anlegg og område, med det formål å bidra til å styrke innbyggjarane si fysiske og psykiske helse.

Helsedirektoratet rår til at vaksne er fysisk aktive minst 45 minutt kvar dag. For barn vert det rådd til minst 60 minutt fysisk aktivitet dagleg.

KKD har sett som krav at kommunane må ha ein godkjent kommunedelplan som omhandlar idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv for å ha rett til statlege spelemildlar.

Dersom det skal søkjast spelemildlar, må anlegget førehandsgodkjennast og vere med i den kommunale planen for idrett og fysisk aktivitet. Nærmiljøanlegg med kostnadsramme over kr. 600.000 og ordinære anlegg MÅ vere med i vedteken kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet for å få søknaden godkjent. Også mindre nærmiljøanlegg bør vere omtalt i planen.

Planarbeidet skal følgje plan og bygningslova sine føreseger. Det skal fastsettast mål for kommunen si satsing på området. Det er stilt krav om ei vurdering av resultatane av arbeidet med førre plan, samt statusoversikt pr. dato. Det skal også leggjast vekt på ei analyse av over kortsiktige og langsiktige behov.

## Målsetjinga med planarbeidet

- Utarbeide hovudmål for Ulstein kommune si satsing på idrett og fysisk aktivitet
- Evaluere eksisterande plan og oppnådde mål i førre planperiode
- Analysere langsiktige og kortsikte behov for anlegg og aktivitet
- Setje mål for utbygging av nye anlegg, og vurdere arealbehovet til idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv
- Velje strategiar/tiltak for å nå måla (handlingsplan)

Ulstein kommune sin kommunedelplan for Idrett og fysisk aktivitet (KIF-plan) vart sist revidert i 2006, gjeldande for perioden 2007-2010. Kommunedelplanen vert no revidert for den komande fireårsperioden (2015-2018).

## 1.1 Planprosessen

Planen er ein tematisk kommunedelplan. Følgjande plangruppe har utarbeidd den nye KIF-planen:

- *Einar Warholm, Leiar i Idrettsrådet*
- *Anita Sundnes, Avdelingsleiar/teknisk etat*
- *Ruben Voldsund, Leiar i Ungdomsrådet*
- *Leif Ringstad, Kultursjef (prosjektansvarleg)*
- *Kristine Brungot, Kulturkonsulent (prosjektleiar)*

Styringsgruppe: Levekårutvalet

Plan og bygningslova set krav til medverknad i planprosessen, og spesielt frå grupper som ein reknar med vert særleg råka. Dette er her sikra ved at barnerepresentanten satt i plangruppa (kulturleiar Leif Ringstad er kommunen sin barnerepresentant), samt ved å ha ope folkemøte med representantar frå Idrettslaga, grendalag og andre lag og organisasjonar. I tillegg har vi nytta ulike referansepersonar/fagansvarlege i planarbeidet. Folkehelsekoordinator Kristine Da

Planen er utarbeidd i tråd med plan og bygningslova sine krav til planprosess. Planprogrammet vart fastsett i Levekårsutvalet, justert framdriftsplan vedteken i sak 2012/393.

Planarbeidet har teke lenger tid enn stipulert, først og fremst har det teke tid å få på plass eit ferdig framlegg. Handlingsprogram for nærmiljøanlegg og ordinære anlegg har blitt rullert i påvente av revidert plan.

### 1.1.1 Statlege mål og føringar

Staten sitt overordna mål med idrettspolitikken kan samanfattast i visjonen **idrett og fysisk aktivitet for alle** (Idrettsmeldinga, St. meld. 26 (2011-2012)). Dette er ei vidareføring av tidlegare mål.

Ifølgje Idrettsmeldinga er den viktigaste føresetnaden for dette auka satsing på anlegg for idrett og eigenorganisert fysisk aktivitet, inkludert friluftsliv.

Det inneber at det skal vere eit aktivitetstilbod innanfor den organiserte idretten for alle, både dei som ønskjer å prestere på idrettsbana og dei som primært ønskjer å vere fysisk aktive innanfor verdifulle sosiale fellesskap. Ved å inkludere så mange som muleg i barne- og ungdomsidretten er det eit mål å skape grunnlag for livslang glede av å drive idrett og fysisk aktivitet. Ein kvalitativ god og differensiert barne- og ungdomsidrett er også eit fundament for toppidretten. Samstundes er det svært viktig for regjeringa å bidra til at samfunnet skal vere godt tilrettelagt for eigenorganisert fysisk aktivitet.

Fysisk inaktivitet er eit vaksande samfunnsproblem. Det er i første rekkje ein meir stillesittande kvardag som er årsaka til at berre 20 prosent av befolkninga oppfyller myndighetene sine anbefalingar om dagleg fysisk aktivitet. Andelen som opplyser at dei trenar eller mosjonerer regelmessig har samstundes aldri vore høgare enn i dag.

Idrett, trening og mosjon er difor eit vesentleg bidrag for å nå nasjonale helsepolitiske mål.

### 1.1.2 Fylkeskommunale mål og føringar

Fylkesplan for Møre og Romsdal 2013-2016 har valt ut kultur som eit av fire satsingsområde.

Hovudmål kultur: «Møre og Romsdal skal ha eit mangfaldig og kunnskapsrikt kulturliv, der aktivitetar og opplevingar, inkludering og folkehelse står sentralt».

Resultatmål 3 seier: «Det skal leggest til rette for eit inkluderande mangfald av organisert og uorganisert aktivitet, gjennom eigna kultur- og idrettsbygg, møtestadar og tilgjenge til friluftaktivitetar.»

Resultatmål 6 seier: «Leggje til rette for turveggar som er spesielt tilrettelagt for menneske med nedsett funksjonsevne og som òg fremmer den generelle folkehelsa.»

Folkehelseperspektivet står sterkt i fylkesplanen. «Tilrettelegging for friluftsliv, leik, rekreasjon og auka fysisk aktivitet, saman med auka fokus på inkluderande møteplassar i det offentlege og frivillige rom, kan førebyggje helseplagar og sjukdom i alle aldersgrupper i befolkninga.»

### 1.1.3 Spelemidlar

Idretten er eit viktig instrument for Staten til å auke den fysiske aktiviteten i folkesetnaden, og dei støttar arbeidet gjennom tildeling av spelemidlar. Den viktigaste finansieringskjelda for den statlege idrettspolitikken er dermed framleis den delen av overskotet til Norsk Tipping AS som vert sett av til idrettsformål gjennom spelemidlane. Målet med anleggsutbygginga er å gi flest mogleg høve til å drive idrett og fysisk aktivitet. Den primære målgruppa er barn og unge, men det skal også leggjast til rette for eldre (KD, vegleiar 2007).

Det er fylket som forvaltar staten si rammefordeling av spelemidlar. Kva anleggstyper som vert bygt vil først og fremst vere eit resultat av lokale og regionale behov og prioriteringar.

#### Kva kan det søkjast midlar til?

Det kan søkjast om tilskot til bygging og rehabilitering av idrettsanlegg som er opne for allmenn idrettsleg verksemd og som ikkje er underlagt kommersielle interesser.

For ordinære anlegg og rehabilitering, minimumskostnad kr 150.000

For kart, minimumskostnad kr 75.000

For nærmiljøanlegg, minimumskostnad kr 50.000

#### Søknadsfrist:

- Til kommunen 15. november (Søknad om førehandsgodkjenning: 20. oktober)
- Til fylkeskommunen 15. januar kvart år
- Til departementet 15. mars

Tildelinga i Møre og Romsdal er basert på:

- Årleg kulturutvalssak
- Dei kommunale handlingsprogramma

- Særkretsen sine prioriteringar
- Anleggsrådet sin uttale

I tillegg er 10 % av spelemidlane til idrettsformål er øyremerka idrettslaga sitt arbeid for barn og ungdom (driftsstøtte, LAM-midlar). Norges Idrettsforbund, gjennom idrettsråda i kommunen, føretekt utbetalingar i hovudsak basert på talet på aktive i det einstilte idrettslag. Denne utbetalinga går til dei lokale idrettsrådet som står for fordelinga av midlane. For 2014 utgjorde aktivitetsmidlane/LAM-midlane i Ulstein om lag kr. 385.000.



Overordna føringar, både nasjonale og fylkeskommunale, skal ha innverknad på den politikken som vert ført i kommunen. Denne planen sine mål og tiltak må difor vere ei konkretisering av dei føringane som er skildra i dette kapittelet.

## 1.2 Omgrep og definisjonar

**Idrett:** Med idrett meiner ein aktivitet i form av trening eller konkurranse i den organiserte idretten.

**Fysisk aktivitet:** Eigenorganiserte trenings- og mosjonsaktivitetar, inkludert friluftsliv og aktivitetar prega av leik.

**Friluftsområde:** Store, oftast ikkje-regulerte område som i hovudsak er i privat eige og som er omfatta av allemannsretten.

**Friområde:** Avgrensa område med særskilt tilrettelegging og opparbeiding for allmennheita si uthindra rekreasjon og opphald. Område er vanlegvis erverva, opparbeida og vedlikehaldne av kommunen, og kan vere parkanlegg, turveigar, lysløyper, leikeplassar, nærmiljøanlegg og badeplassar.

**Folkehelse:** innbyggjarane sin helsetilstand og korleis helsa fordeler seg i ein folkesetnad

**Folkehelsearbeid:** Samfunnet sin innsats for å påverke faktorar som direkte eller indirekte fremmar helse og trivsel i befolkninga, førebyggjer psykisk og somatisk sjukdom, skade eller liding, eller som beskyttar mot helsetruslar, samt arbeid for ei jamnare fordeling av faktorar som direkte eller indirekte påverkar helsa (Folkehelselova).

**KIF-plan:** Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet, inkludert friluftsliv.

**Nærmiljøanlegg:** Anlegg eller område som er allment tilgjengelege og tilrettelagt for eigenorganisert fysisk aktivitet. Dei er hovudsakeleg lokalisert i nærleiken av bu- eller opphaldsområde.

**Ordinære anlegg:** I hovudsak nært knytt til konkurranse og treningsverksemd i den organiserte idretten.

**Universell utforming:** Utforming av produkt og omgjevningar på ein slik måte at dei kan brukast av alle menneske, i så stor utstrekning som muleg, utan behov for tilpassing og ei spesiell utforming.

## 2 Utviklingstrekk i kommunen

Samfunnsutviklinga generelt har ført til at dagleg fysisk aktivitet er redusert og dette kan føre til auka fysisk passivitet. Generelt er nivået av fysisk aktivitet i den norsk folkesetnaden for lav, og det er klare sosiale skilnadar i aktivitetsnivå.

Ein indikator på redusert aktivitetsnivå er den vekttauken som har skjedd dei siste tiåra. Ein stadig større del er overvektige.

Samfunnsmessige og institusjonelle endringar dei siste åra har endra vilkåra for barn sin aktivitet utandørs, særskilt i nærmiljøet. Auka bilbruk fører til mindre aktivitet, men også meir trafikk som gir mindre høve til leik i gata – og til å gå/sykle til og frå skule og fritidsaktivitetar.

I tillegg bruker barn- og unge stadig meir tid framfor skjerm, som også fører til mindre aktivitet.

Fysisk aktivitet fremmer livskvalitet og helse, og samanheng er godt dokumentert. I tillegg til at fysisk aktivitet førebyggjer ei rekke sjukdomar, er aktiviteten også ei kjelde til glede, livsutfalding og positivt mestring.

### Status folkehelse

Statistikken i Folkehelseprofilen for Ulstein kommune i 2013 seier noko om status for folkehelse i kommunen. Tala viser at Ulstein har ein høgre del innbyggjarar som slit med sjukdom og plager knytt til muskel- og skjelettsystemet, enn landet elles. Vi veit at slike plager heng nært saman med psykiske plager. Dette er det einaste punktet i folkehelseprofilen der Ulstein skil seg negativt frå nivået for resten av landet. Det betyr derimot ikkje at det står bra til på alle andre punkt, berre at vi då ligg på nivå med, eller betre an enn landet elles. Dei store folkehelseutfordringane i dag er knytt til livsstilsval og helseatferd. Overvekt og fedme som aukar risikoen for fysisk og psykiske lidningar er dei store utfordringane på nasjonalt nivå, og det gjeld også for Ulstein kommune.

Folkehelseoversikta for Ulstein kommune 2014 er ei grundig kartlegging av helsetilstanden i kommunen, samt faktorar som påverkar denne i positiv eller negativ retning. Dokumentet peikar på utfordringar, og gir oss eit grunnlag for korleis vi bør prioritere i det vidare folkehelsearbeidet i kommunen.

Ulstein kommune har hatt ein svært høg folketilvekst siste åra, og det er grunn til å tru at denne også vil halde fram dei nærmaste 10-15 åra. Størst folketilvekst vil vi få i aldersgruppa 20-67 år med 1200 fleire innbyggjarar fram mot 2020.

Eit viktig særtrekk er den høge andelen innbyggjarar som er å rekne som innvandrarak. Ein stor del av folkeauken er tilflytting av utanlandsk arbeidskraft. Ulstein har ei stor og samansett gruppe innvandrarak på meir enn 1300 personar, som utgjer 15.7 % av befolkninga. Vi har også eit asylmottak med 190 plassar, som ikkje er registrerte innbyggjarar. I tillegg er det endå fleire personar som arbeider og oppheld seg i kommunen vår i periodar, kanskje over fleire år, som ikkje kjem med på statistikken. Reelt sett har vi dermed nærmare 25 % innvandrarak i Ulstein. Arbeidsinnvandrarak, dei fleste frå Polen, utgjer den største gruppa av innvandrarak i Ulstein. Studiar av arbeidsinnvandrarak frå Polen viser at dei jobbar så mykje at dei ikkje har tid eller kapasitet til å lære språk, etablerer sosiale nettverk eller drive fritidsaktivitetar. God integrering blir difor viktig, deriblant inkludering i fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv, som er ein viktig del av norsk kultur.

Psykiske plager, særleg blant unge jenter, er ei aukande utfordring som utpeikra seg i kommunen. Auka tid framfor skjermen, og høgt press om å stå fram som vellukka på alle område kan sjåast i samanheng med dette. Vi veit at fysisk aktivitet er bra, også for den mentale helse, av fleire årsakar.

Organisert aktivitet saman med andre har store helsegevinstar i form av sosial tilhøyrighet og fellesskap. Friluftsliv er kjelde til gode opplevingar åleine og saman med andre, og skaper såleis trivsel og velvere. Dette og fleire andre godt dokumenterte helsegevinstar kjem i tillegg til dei fysiske effektane ved å vere i fysisk aktivitet.

### 3 Resultatvurdering av førre plan

Det har vore stor byggeaktivitet i Ulstein siste ti åra, både i høve nærmiljøanlegg og ordinære anlegg. Fotballen, innandørsidrettane og den uorganiserte aktiviteten har fått etablert gode anlegg og område. Nokre anlegg har blitt innarbeidde ved årleg rullering av handlingsprogram, etter kvart som behov har «meldt seg», døme på dette er nærmiljøanlegg som skateparken og turstien Vikemarka-Eidet, men også større idrettsanlegg som nye Høddvoll stadion, nye Ulsteinhallen og Ulsmohallen/Høddhallen.

#### Kortfatta status for det som har skjedd i planperioden

##### Realiserte tiltak/anlegg

##### Ordinære anlegg

- Ulsmohallen, fotballhall (tilskot til bane og lys)
- Kunstgrasbane Solsida stadion, Haddal
- Kunstgrasbane Hasundgot stadion
- Nye Ulsteinhallen
- Flomlys Høddvoll (nye Høddvoll stadion)
- Underverme Høddvoll (nye Høddvoll stadion)
- Garderobar Høddvoll (nye Høddvoll stadion)

##### Nærmiljøanlegg/leikeplassar

- Aktivetsanlegg Saunesparken (3 byggetrinn)
- Mini-ballbinge Ulsteinvik barneskule
- Flytebrygge Borgarøya
- Ballbinge Ulsteinvik barneskule
- 5år bane/ballbinge Høddvoll stadion
- Aktivetsanlegg Ulstein ungdomsskule (3 byggetrinn)
- Tursti Vikemarka – Vasstasjonen på Eidet
- Skatepark Vikholmen
- Turveg Bugarden – Skeide
- Turveg rundt Bugardsmyra

#### Ikkje realiserte anlegg pr. d.d. (prioriterte tiltak på rullert plan 2012-2014)

##### Nærmiljøanlegg/leikeplassar

- Sykkelbane/-anlegg/velodrom



- Tursti, Ulsteinelva – Ytre-Flø

#### Ordinære anlegg

- Idrettshall og badeanlegg i sentrum/Arena Ulstein (oppstart 1. mars 2015)
- Garderobar og driftsbygg Hasundgot IL (oppstart 1. oktober 2014)

#### Nye tiltak/anlegg

- Onglasætra aktivitetspark
- Mini-ballbinge, Flø (ferdig hausten 2014)
- Turvei/-sti Skeide-Bugarden-Lisjevatnet (Mosvatnet)
- Ballbinge, Dimna
- Turveg Gamleeidet-Vikeskaret

## 4 Samordning med kommuneplanen og andre kommunale planar

Ein plan for utbygging av anlegg og område til idrett og friluftsliv må vere i samsvar med kommunen sine overordna mål.

**Kommuneplan for Ulstein kommune 2009-2020** inneheld ein samfunnsdel og ein arealdel.

Kommuneplanen sin samfunnsdel gir overordna mål og strategiar for utviklinga av dei kommunale områda, m.a. målsetjing for kommunen si satsing på Kultur/Omdøme/Identitet.

Idretts- og friluftslivet vert her trekt fram som viktige for å skape *identitet, trivsel og bulyst*.

Vidare blir det peikt på at idretten og andre lag og organisasjonar er «*viktige arenaer for utvikling, mestring, trivsel, sosial kontakt og integrasjon*».

Under målsetjinga «Ulstein kommune skal legge til rette for langsiktig folkevekst og høg livskvalitet for sine innbyggjarar», er ein av strategiane «*Kommunen skal innarbeide folkehelseperspektivet og universell utforming i all planlegging*».

**Kommuneplanen sin arealdel for 2011 – 2013** peikar på at ein i kommunen har mange muligheter og utfordringar innanfor området friluftsliv. Etableringa av lysløypa over Gamleeidet og turstien gjennom Fløstranda, er døme på etableringar som skaper ny/auka aktivitet. I eit folkehelseperspektiv er tilretteleggingar knytt til friluftsliv og turstiar særleg viktig. Ved desse og fleire andre turområde er behovet for parkeringsareal blitt ei stor utfordring. For dei mest brukte stiane er slitasjonen så stor at avbøtande tiltak er naudsynte, og ein del tiltak er allereie gjorde.

Ei anna utfordring som kommunen bør ha fokus på i planperioden, er turområde/ turstiar tilrettelagt for rørslehemma. Kommunane er utfordra av fylket til å etablere ti gode turmål/ turstiar, der minst tre er tilrettelagt for rørslehemma.

Ulstein kommune sin **Levekårsplan for 2013-2020** omhandlar alle innbyggjarane sine levekår, og planen har sterkt fokus på folkehelse og viktigeita av fysisk aktivitet.

Fysisk miljø er eit eige tiltaksområde i Levekårsplanen, og tiltak som er trekt fram er realisering av Arena Ulstein, utbygging av gang- og sykkelveggar og merking av turstiar. Det blir også peika på at kommunen må samarbeide med friviljuge for å sikre eit vidt og variert tilbod av fysisk aktivitet. Vidare vert det også lagt vekt på at nærmiljøanlegg og idrettsanlegg er viktige sosiale møtestadar, noko som også er viktig for folkehelsa til innbyggjarane.

## **5 Verkemiddel og rammer for utbygging og drift**

### **5.1 Utbygging av anlegg og område**

#### **5.1.1 Organisasjon**

UEKF (Ulstein Eigedom Kommunalt Foretak) eig og forvaltar i hovudsak den kommunale bygningsmassen i Ulstein. UEKF har også ansvaret for opparbeiding og drift av uteareal på skulane og i kommunale barnehagar.

Ulstein kommune ved kulturavdelinga har driftsansvar for Ulsteinhallen, Ulstein idrettshall og symjehall samt Ulstein skule sin idrettshall. I løpet av planperioden vil kulturkontoret også få driftsansvaret for Ulstein Arena, som vil stille større krav til kvalitet på drift og inntjening enn dei andre idrettsanlegga.

Kulturkontoret tildeler treningstider i samråd med Ulstein Idrettsråd, og leiger ut hallane til kampar og andre arrangement på kveldar og i helgane.

#### **5.1.2 Sikring av areal**

Ved arealplanlegging skal det takast omsyn til behova for utbygging og tilrettelegging for idrett og fysisk aktivitet. Kommunen bør løyse inn regulerte friområde som er viktige for innbyggjarane.

#### **5.1.3 Målstyrt utbygging og tilrettelegging**

Med bakgrunn i målsetjingane som kommunen har sett seg, må det leggjast opp til ei målstyrt utbygging med sikte på å oppfylle delmåla. Vidare må dette skje innanfor bestemte tidsrammer og etter dei prioriteringar ein er samde om. Her er kommunedelplanen for idrett og fysisk aktivitet eit viktig verkøy. Utbygging og tilrettelegging for idrett og fysisk aktivitet, inkludert friluftsliv, må innarbeidast i kommunen sine langsiktige planar.

Behova innan idrett og friluftsliv må også sjåast i samanheng med målsetjingar og satsingsområde når det gjeld oppvekstvilkåra for barn og ungdom.

Utbygging og tilrettelegging for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv må også innebere å samordne slik utbygging med andre omsyn og interesser. Stikkord her er natur- og miljøfaglege vurderingar/verdiar, men også forhold knytt til bustadmønsteret i kommunen. Det er viktig at det vert lagt stor vekt på ei utbygging som samordnar og forsterkar verdien av utbyggingane i kombinasjon med andre interesser.

#### **5.1.4 Økonomiske**

Finansieringa av investeringskostnadane ved utbygging av anlegg er i dei fleste tilfelle ei stor utfordring. Idrettsanlegga vert i prinsippet finansierte ved eigenkapital, dugnad, spelemidlar, lån, gåver og eventuelt tilskot frå kommunen.

Ulstein kommune har dei siste åra i større grad stått som utbygger for nye anlegg, og dermed fått mva-kompensasjon for desse. I fleire tilfelle er det gjort avtalar med idrettslag og grendalag om tilsyn og vedlikehald av desse anlegga.

Spelemidlane er ein viktig del av finansieringa av anlegg. Ved bygging av større idrettsanlegg kan utbygger få tilskot på inntil 1/3 av totalkostnaden, med maksimalt tilskot på kr. 1 000 000, der ikkje anna er fastsett (i tillegg finst det særskilte tilskotsbeløp for ulike type anlegg, sjå føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet).

Nærmiljøanlegg kan få dekt inntil 50 % av godkjent kostnad, maksimalt tilskot pr. anleggseining er kr. 300.000 (inntil tre byggetrinn og totalt kr. 900.000).

## 5.2 Drift og vedlikehald av anlegg og område

Drift av anlegg og område for idrett og fysisk aktivitet krev god fagkunnskap og innsikt i mange ulike fagområde og oppgåver: idrettslege, økonomiske, miljømessige, tekniske og administrative. Praktiske planløyningar og føremålstenleg val av materiale, oppvarmingsløyningar med meir, er avgjerande for god drift av anlegget. Det er viktig at alle sider av drifta vert vurdert tidleg i planfasen.

Til dekking av driftsutgiftene er følgjande dekning vanleg:

- Kommunale tilskot (heil eller delvis dekning)
- Leigeavgift (halleige)
- Billettinntekter
- Tilskot frå organisasjonar/bedrifter
- Tilskot frå anleggseigar
- Dugnadsinnsats

Ved søknad om spelemidlar er det stilt krav om at plan for drift og vedlikehald, som inneheld kalkulerte driftsutgifter og driftsinntekter, organisering av drifta og skildring av dei tekniske føresetnadane for drifta.

# 6 No-situasjonen og framtidige behov

## 6.1 Dagens situasjon

Tre av idrettslaga i kommunen Hasundgot IL, Haddal IL og IL Hødd har eigne anlegg/stadion der det vert drive trening og konkurransar innan fotball. Friidretten har utandørs anlegg på Høddvoll og i løpet av 2014 ny friidrettshall i nye Ulsteinhallen. I tillegg har Dimna IL delanlegg for friidrett.

Ulstein kommune er eigar og har driftsansvar for to idrettshallar, nye Ulsteinhallen og Idrettshallen ved ungdomsskulen og eitt basseng, symjehallen ved Idrettshallen. I løpet av planperioden vil utbygginga av Arena Ulstein vere gjennomført, og dette vil då erstatte det noverande symjebassenget og gi eit betra tilbod for sentrumsskulane og innandørsidrettane i kommunen.

Ulstein kommune er også hovudaksjonær i Høddvoll stadion A/S.

I tillegg vert fleire idrettshallar knytt til skular/grendehus nytta i idretts- og mosjonssamanheng. Dette gjeld Hasund skule- og grendehus, Haddal skule- og grendehus, Dimna skule- og grendehus og Flø skule. Idrettshallen ved Ulstein skule vert også nytta både til trening og mosjon.

Det er i samarbeid med skulane og grendelag også etablert ulike nærmiljøanlegg og aktivitetsanlegg ved skuleområda. Ved Ulstein ungdomsskule har ein fått eit nytt stort aktivitetsanlegg med kunstgrasbane og friidrettsområde.

I sentrum har kommunen i samarbeid med grendelag og lokalt næringsliv etablert Saunesparken som er eit aktivitetsanlegg m.a. for sandvolleyball, basket og fotball, samt leikeplass for dei minste.

Samarbeid er også viktig når vi har fokus på turvegane og turstiar i dei nære friluftsområda. Her er initiativ frå eldsjeler og trimgrupper, og ikkje minst eit nært samarbeid med teknisk etat/VAR-området, viktig med tanke på gode prosessar og gjennomføringsevne.

Dette er tiltak som har store brukargrupper og som er viktige i eit folkehelseperspektiv. Døme på slike prosjekt er turvegane på Gamleidet, turvegen i Fløstranda og turvegen mellom Skeide og Bugarden.

## 6.2 Nærmiljøanlegg

Det er viktig at både nye og etablerte bustadområde har gode nærmiljøanlegg for eigenorganisert fysisk aktivitet, med barn og ungdom som viktigaste målgruppe.

Siste åra har det blitt etablert mange nærmiljøanlegg både i sentrum og i krinsane. Særskilt har det blitt satsa på ballbingar. I sentrum har kommunen i samarbeid med private og næringslivet etablert Saunesparken, som er eit aktivitetsanlegg med aktivitetar for både barn, ungdom og vaksne.

Initiativa til dei ulike anlegga har kome både frå grendelag, idrettslag og kommunen, og dei fleste er blitt etablerte i tett samarbeid mellom desse partane.

Med bakgrunn i auka interesse og aktivitet vil kommunen i samarbeid med frivillige lag og organisasjonar legge til rette for nærmiljøanlegg med alternative aktivitetar som utandørs klatring, sykling/BMX med fleire. Kva nærmiljøanlegg ein vel å etablere vil vere i endring utifrå endra behov

Det er også framleis eit behov for attraktive og lett tilgjengelege turstiar og turvegane i dei bustadnære områda, særskilt i sentrum.

Her må vi vise til at Den Norske Turistforening har råda til «500 meter for folkehelsa», og utfordra norske myndigheiter – både nasjonale, regionale og lokale – til å sørgje for at folk ikkje har meir enn 500 meter til ein tursti frå der dei bur. Det må leggast til rette for at folk kan bruke og oppleve naturen gjennom gode gang- og sykkelvegane, merka stiar og skiløyper, tilrettelagte møteplassar i lokalmiljøet, og i utfartsområde.

## 6.3 Ordinære anlegg

Ulstein kommune har sidan 2005 arbeidd med planane om nytt idrettsbygg og symjehall, knytt til dei to store skulane i Ulsteinvik sentrum. Ein ting er behovet som skulane har, men mangelen på hallkapasitet for innandørsidrettane og tilgangen på eit symjeanlegg for fritid og trening har vore fråverande. Arena Ulstein vil vere viktig for dei etablerte hallidrettane i Ulstein, men også gi eit breiare tilbod til meir uorganiserte brukargrupper som vil kunne nytte basseng og klatrehallen i anlegget. I eit folkehelseperspektiv er det særskilt viktig å nå også dei som ikkje er ein del av den organiserte idretten.

Den nye Ulsteinhallen er eit skuleeksempel på korleis ein tek brukarane sin innspel på alvor. Brukarane i denne samanheng er idretten i Ulstein, der friidrett, fotball og handball saman med Ulstein kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune, har etablert ein unik myldreplass for idrett og fysisk aktivitet.

Etter realisering av dei store anlegga som nye Ulsteinhallen, nye Høddvoll stadion og Arena Ulstein, vil det vere naturleg at kommunen og idretten tek ein investeringsstopp på store idrettsanlegg i denne planperioden. Det er også bygt kunstgrasbaner både i Haddal, på Hasundgot stadion og i sentrum som stettar dette behovet.

Hødd turn har sin eigen turnhall (i privat eige) på Skeide, som siste året er blitt rehabilitert og som vil støtte behovet til turn dei nærmaste åra.

På lengre sikt kan ei utbygging av «gamle» Høddvoll til ein fullverdig friidrettsstadion vere i emning, med bakgrunn i friidretten/Dimna IL sitt ønskje om eit fullverdig utandørs friidrettsanlegg. Samstundes har også IL Hødd fotball eit behov for meir speleflate med kunstgras, i eit område på Høddvoll med avgrensa areal til rådvelde.

## 6.4 Friluftsliv

I komande periode vil det frå kommunen si side bli særleg satsa på friluftsliv. Her er det eit potensiale for å auke den fysiske aktiviteten og der gjennom folkehelsa blant innbyggjarane, også dei som er minst aktive i utgangspunktet. Gode anlegg for friluftsliv er etterspurt av både barnehagar, grunnskule og vidaregåande skular, i tillegg til trimgrupper, idrettslag og privatpersonar.

Anlegg for friluftsliv er ein eigen kategori under tilskotsordninga for ordinære anlegg. Det kan vere anlegg dagsturhytter, turveg, turløyper og turstiar. Utandørs badeplassar er ikkje omfatta av spelemiddelordninga, men det kan søkjast om tilskot til aktivitetsområde og/eller sanitæranlegg knytt opp mot badeplassar.

Det er i dag eit aktivt friluftsliv i kommunen, særleg i form av dagsturar i fjellområda. Gode utfarts- og turområde ligg lett tilgjengeleg i rimeleg avstand frå bustadområda og vil kunne dekkje dei fleste sine behov. Siste åra har det vore satsa på nye turveg frå kommunen si side, til dømes vegen langs Fløstranda og på Eidet. Desse er mykje nytta, og det er ønskjeleg å utvikle turområda vidare. Det er også planar om ny turveg frå Skeide til Bugarden, ein attraktiv turveg som også vil verte nytta som skuleveg. Det er også planlagt turveg rundt Bugardsmyrane. Frå Skeide er det også planar om bygging av turveg på ein ny rørrasè, heilt fram til Lisjevatnet/Mosvatnet.

Ulstein kommune er ei øykommune, og båtlivet har lange tradisjonar. Siste åra har kajakk blitt ein svært populær aktivitet, i tillegg til segling. Tilrettelegging for slik aktivitet vil difor kunne verte meir aktuelt i tida som kjem.

## 6.5 Folkehelse

I utgangspunktet har alle tiltaka i planen utgangspunkt i folkehelseperspektivet. All tilrettelegging for friluftsliv, leik, rekreasjon og auka fysisk aktivitet kan førebyggje helseplagar og sjukdom i alle aldersgrupper i befolkninga.

Eit særleg fokus i denne samanheng har etableringa av badeanlegget i Arena Ulstein og etableringa av dei nye turvegane i nærområdet.

Vi har tru på at desse tiltaka vil kunne ha særleg innverknad på folkehelsa, og motivere og inspirere til auka aktivitet.

# 7 Målsetjingar, strategiar og satsingsområde

## 7.1 Overordna mål

- Satsing på **anlegg** for idrett og eigenorganisert fysisk aktivitet, inkludert friluftsliv.

- Sikre gode rammevilkår for **barne- og ungdomsidretten**.
- Legge til rette for **eigenorganisert fysisk aktivitet og friluftsliv**.
- Målretta satsing for å nå **inaktive**.
- Bidra til eit godt aktivitetstilbod **for grupper med behov for særleg tilrettelegging**.
- Bidra til å oppretthalde og utvikle idretten som ein viktig arena for **inkludering**.

## 7.2 Delmål

### Idrettsanlegg

- Tilgjengelege anlegg som stettar dei behova som idrettslaga har, både når det gjeld hallidrettar, fotball og friidrett.
- God tilkomst og universell utforming til/på eksisterande anlegg og nye anlegg for alle brukargrupper, inkludert funksjonshemma og eldre.

### Nærmiljøanlegg

- Alle bustadområde må ha areal for eigenorganisert fysisk aktivitet og leik.
- Anlegga i grendene/skulekrinsane må samordnast i høve bruk slik at dei stettar behov både for idrett, skuleformål og eigenorganisert aktivitet.
- Det må leggest til rette med gangvegar og turstiar både i og rundt sentrumsområda, og som knyter saman bustadområde med idrettsanlegg og friluftsområde, skular og sentrum.

### Friluftsområde

- Område av verdi for friluftslivet må vurderast sikrast.
- Halde ved like/leggje til rette hovudturløypene i kommunen, inkludert sørgje for tilkomst og parkering.
- Opparbeide nye turløyper/vegar der det er naturleg som del av ein større heilskap (Eidet, Flø, Bugardsmyrane).
- Legge til rette aktuelle friluftsområde slik at dei vert tilgjengelege for rullestolbrukarar, t.d. ved rullestolrampe til badeplassen, rampe ved fiskevatn og liknande.
- Legge til rette for båtfart og ankringsplassar i øyområda på utvalte område.
- Sikre og legge til rette badeplassar.

## 7.3 Strategiar

- Bygge, rehabiliter og legge til rette for idrettsanlegg og attraktive område for friluftsliv
- Kommunalt overordna ansvar for å stimulere til fysisk aktivitet i kommunen i samarbeid lag og organisasjonar, idretten og det lokale næringslivet
- Kommunal tilrettelegging gjennom tildeling av treningstider og utleige av hallar til kampar/idrettsarrangement, samt kulturmidlar til drift og aktivitet
- Utvikle og legge til rette aktivitetstiltak mot folkehelse og helsefremjande arbeid på lokalt nivå.

- Tett dialog og samarbeid med Ulstein Idrettsråd
- Samarbeid med idrettslag og andre lag og foreiningar i utbyggingsprosjekt

## **8 Prinsipp for utbygging av anlegg og område**

Det er naudsynt å legge visse prinsipp til grunn ved planlegging og utbygging av nye anlegg og område. Ein står mellom anna ovanfor spørsmål kring lokalisering, dimensjonering og utforming.

Vala ein gjer må takast utifrå den funksjonen anlegget eller området skal ha, behov, kva slags område det skal plasserast i og dei økonomiske og driftsmessige tilhøva som er knytt til anlegget.

### **Hovudprinsipp for ein samordna anleggspolitikk i Ulstein kommune:**

- ❖ Nærleik til bustadområde
- ❖ Universell utforming
- ❖ Trafikksikker og enkel tilkomst
- ❖ Tilpassing av same anlegg til fleire brukargrupper, t.d. skule og idrett
- ❖ Koordinering av skule, idrett og andre kulturaktivitetar
- ❖ Vektlegging av estetikk og miljø (for brukar og omgjevnadane)
- ❖ Interkommunalt samarbeid

## 9 Handlingsprogram

<b>HANDLINGSPROGRAM - NÆRMILJØANLEGG/LEIKEPLASSAR 2015-2018</b>			
<b>Anlegg/område</b>	<b>Ansvarleg</b>	<b>Investering</b>	<b>Anleggstart</b>
A1 Saunesparken aktivitetsanlegg (kunstgras)	Ulstein kommune	619.879	2012
A2 Borgarøya - flytebrygge	Ulstein kommune	650.000	2012
A3 Mini-ballbinge Ulsteinvik barneskule	Ulstein kommune	118.000	2013
A4 Vikholmen skatepark	Ulstein kommune	410.000	2014
A5 Mini-ballbinge Flø	Ulstein kommune	260.000	2014
A6 Ballbinge Dimna	Dimna grendalag	300.000	2015
A7 Bugardsmyra friluftsområde (to byggetrinn)	Ulstein kommune	1.178.200	2014
A8 Onglasætra aktivitetspark	Onglasætra Vel	1.800.000	2015
A9 Friluftsanlegg Osnessanden	Ulstein kommune	Ikkje kostnadsrekna	2015/2016
A10 Sykkelbane/-anlegg/velodrome	Ulstein og omegn sykkelklubb	Ikkje kostnadsrekna	2015
A11 Helseløype Alvehaugen	Ulstein kommune	Ikkje kostnadsrekna	2015
A12 Merking og skilting av turstiar	UK i samarbeid med frivillige	Ikkje kostnadsrekna	2015
A13 Aktivitetsanlegg Haddal skule	UK i samarbeid med frivillige	Ikkje kostnadsrekna	2016/2017
<b>HANDLINGSPROGRAM - ORDINÆRE ANLEGG 2015-2018</b>			
<b>Anlegg/område</b>	<b>Ansvarleg</b>	<b>Investering</b>	<b>Anleggstart</b>
B1 Idrettshall (Arena Ulstein)	Ulstein kommune	210 mill	2015
B2 Badeanlegg (Arena Ulstein)	Ulstein kommune	99.5 mill	2014
B3 Nye Ulsteinhallen, Høddvoll	Hødd I.L.	5.9 mill	2014
B4 Garderober, Høddvollhuset	Hødd I.L.	10 mill	2014
B5 Kunstgrasbane, Høddvoll	Hødd I.L.	6.4 mill	2014
B6 Flomlys , Høddvoll	Hødd I.L.	2.3 mill	2014
B7 Undervarme, Høddvoll	Hødd I.L.	6 mill	2013
B8 Kunstgrasbane, Haddal stadion	Haddal I.L.	4.0 mill	2014
B9 Garderober og driftsbygg, Hasungot klubbhus	Hasundgot klubbhus	1 mill	2015
B10 Tursti Skeide-Bugarden-Lisjevatnet (Mosvatnet )	Ulstein kommune	1-2 mill	2015
B11 Turveg Gamleeidet - Vikeskaret	Ulstein kommune		
<b>PROGRAM FOR UPRIORITERT LANGTIDSPLAN (12 ÅR)</b>			
<b>Anlegg/område</b>	<b>Ansvarleg</b>	<b>Investering</b>	<b>Anleggstart</b>
C1 Høddvoll stadion (gamle), utvikling	Hødd I.L.	Ukjent	I perioden
C2 Leikepark, Sentrum ved Bjørndals minne	UK i samarbeid med vel-laga	Ikkje kostnadsrekna	I perioden
C3 Universelt utforma turstiar	Ulstein kommune	Ikkje kostnadsrekna	I perioden

I tillegg til tabellen er også handlingsprogrammet synleggjort via kartklient på internett.

Denne er open for alle og kan nåast frå denne linken (fungerer ikkje på nettbrett, løysinga er tilpassa bruk via PC):

[http://webhotel3.gisline.no/WebInnsyn\\_Sunnmorskart/Klient/Vis/Ulstein\\_KIF](http://webhotel3.gisline.no/WebInnsyn_Sunnmorskart/Klient/Vis/Ulstein_KIF)

For nettbrett/mobil kan du laste ned appen Kommunekart. Der vil du finne eit kartlag for KIF-planen. Her finn du oversikt over dei ulike grupperingane som er lista opp i tabellen. Anlegg som er ferdig utbygde har vi teikna opp med raud farge for å skilje dei frå anlegg som er under planlegging/opparbeiding.

I tillegg er der også lagt inn muligheit for å slå på visning av realiserte anlegg frå førige periode.

For instruksjonar i bruk av kartklienten og Kommunekart-appen sjå vedlegg 10.2 om dette.





Oversikt over tiltaka i handlingsprogrammet.



Tiltak i sentrumskrisen



Realiserte anlegg i fjørige periode

## 10 Vedlegg

### 10.1 Medlemstal i idrettslag knytt Ulstein Idrettsråd (pr. 31.12.13)


Organisasjon	Menn/gutar	Kvinner/jenter	Total
Dimna IL	125	171	296
Flø IL	63	49	112
Haddal IL	165	100	265
Hasundgot IL	435	209	644
Hødd, IL	569	588	1157
Ulstein og Hareid Dykkerklubb	38	14	52
Ulstein Seilforening	86	45	131
Ulstein Judoklubb	27	12	39
Ulstein og Hareid JFF	26	5	31
Stratus Paragliderklubb	25	3	28
Ulstein Basketballklubb	4	10	14
Ulstein Taekwon Do Klubb	40	11	51
Ulstein og Omegn Sykkelklubb	109	21	130
Sunnmøre Rugbyklubb	30	14	44
Stiletten Danseklubb	19	222	241

### 10.2 Bruk av kartklient/Kommunekart-app

Adresse til klienten (fungerer ikkje på nettbrett, løysinga er tilpassa bruk via PC –sjå komande sider for mobil/nettbrett):


[http://webhotel3.gisline.no/WebInnsyn\\_Sunnmorskart/Klient/Vis/Ulstein\\_KIF](http://webhotel3.gisline.no/WebInnsyn_Sunnmorskart/Klient/Vis/Ulstein_KIF)

Under **meny - om** i løysinga ligg link til dette dokumentet.




Når du kjem inn i klienten, vil du få opp meir detaljar når du zoomer deg inn i kartet. Når du kjem nært nok innpå vil du får opp forklarande tekst til dei ulike elementa.

Nærmiljøanlegg/leikeplassar er nummerert fortløpande A1, A2....., ordinære anlegg med B1,B2.... og uprioriterte langtidsplanar er nummerert frå C1 og oppover. Blå betyr at anlegget er under planlegging/bygging. Raud tyder at anlegget er ferdigstilt. Svart tyder at anlegget er eit langtidsprosjekt som enno ikkje er prioritert.



Ved å klikke på den svarte pila på høgre side av skjermen vil du få fram *kartutvalg-menyen*. Der ser du ei forklaring på kva som vert teikna opp, og du kan velje å slå av/på detaljar.

Ved å krysse av for realiserte anlegg, vil du få markert med ein raud prikk kva anlegg som vart utført i førige periode. Zoomar du deg inn vil tekst som beskrive kvart anlegg kome fram. Det kan då vere lurt å slå av KIF-anlegg for eit tydlegare kartbilde:






Der er også ei oversikt over turvegar i nærrområde som er grusa og flotte å gå tur på.



**Kommunekart-app** –kan lastast ned gratis til ditt nettbrett/mobil.

Zoom deg inn til Ulstein kommune.

Når det står rett kommunenamnet oppe til venstre kan du gå inn på kartlagsvelgaren, markert med raud ring:



Denne kartløsninga kan også nåast via ordinær web-side:

[www.kommunekart.com](http://www.kommunekart.com)